



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 23.02.2016

Vår ref.: 2016/2043

Arkivnr.:

Rennesøy kommune
Postboks 24
4159 Rennesøy

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn etter opplæringslova § 5-1, jf. oppl. § 13-10, med Rennesøy kommune - krav om innsending av dokumentasjon

Etter opplæringslova, lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, § 14-1 første ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med offentlege skolar.

Tilsynsmyndigheita skal ha tilgang til skoleanlegg og dokumentasjon, jf. kommunelova § 60 c.

Det skal gjennomførast tilsyn med temaet spesialundervisning, jf. opplæringsloven § 5-1, jf. § 13-10 andre ledd. Hovedpunkta i tilsynet vil vere:

- Retten til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1
- Krav til sakkyndig vurdering, jf. opplæringslova § 5-3
- Krav til foreldremedverknad, jf. opplæringslova § 5-4
- Krav til individuell opplæringsplan og årsrapportering, jf. opplæringslova § 5-5
- Krav til forsvarleg system for vurdering av om lovkrava i oppl. kap. 5 blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Formålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å føre til ei styrking av [konkret formålsopplysning]. Gjennom kontroll med oppfølginga av dei rettslege krava frå skoleeigaren og skolane si side, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast og rettast opp.

Gjennomføringa av tilsynet

Fylkesmannen vil føre tilsyn med Rennesøy kommune i eigenskap av skoleeigar, og med Vikevåg og Rennesøy skole. Undersøkingane i tilsynet vil bli gjennomført på skolenivå. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling og at det er etterprøvbart og effektivt.

Tilsynet utføres ved en gjennomgang av innhenta dokumentasjon og intervju.

Dersom vi avdekkjer lovbrøt, vil Rennesøy kommune få førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Rennesøy kommune vil deretter få ein rimeleg frist til å rette det ulovlige forholdet, før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Tilsynet blir opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

11.mars - Frist for innsending av dokumentasjon til Fylkesmannen

19. og 20.april - Åpningsmøte og intervju.

Førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrøt vil bli sendt kommunen før sluttmøtet.

1.juni - Sluttmøte

Utsending av endeleg tilsynsrapport, eventuelt med frist for retting.

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen.

Tidsplan for intervju vil bli utarbeidd i forkant av tilsynet i samarbeid med kommunen og skolane.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endelege tilsynsrapportar vil bli publiserte på Fylkesmannens nettstad.

Innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen ber med Rennesøy kommune om å sende inn den dokumentasjonen som går fram av vedlegg til dette brevet. Plikta til å sende inn slik informasjon følger av kommuneloven § 60c.

Vi ber om at kommunen utarbeider en oversikt over dokumentasjonen som blir send over, til dømes ved å bruke ei innhaldsliste.

Frist for innsending er **14.03.16**.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unnateken frå det offentlege i den grad dette er heimla i offentleglova.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Spørsmål om tilsynet kan rettast til Hanne Sørli Ronæss.

Med hilsen

Sølvi Ona Gjul
Utdanningsdirektør

Hanne Sørli Ronæss
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.

Saksbehandler: Hanne Sørli Ronæss
Saksbehandler telefon: 51 56 87 36
E-post: fmrohrs@fylkesmannen.no